

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 20.06.2019
Tidspunkt: 11:00-15:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Nævdal	Medlem	A
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Anne Gine Hestetun	Leiar	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kine Bratli Dale	Anne Gine Hestetun	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Helge Nævdal	A
Stein Inge Ryssdal	Nils Marton Aadland	H

Merknader

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø leia møtet i fylkesordførar Anne Gine Hestetun sitt fråvær.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. Fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar regionalavdelinga
Jostein Fjærestad	Direktør eigedom
Arne Åsan	Fylkestannlege
Berit Dianne Kilvær	Spesialkonsulent
Silje Lyngstad	Rådgjevar
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar

Petter Lem Gullestad, møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 130/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 131/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 132/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 86/19	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 20. juni 2019	2015/10348	
RS 87/19	Status for gjennomføring av bompengereforma	2014/17239	
RS 88/19	Informasjon om justering av bompengetakstane på Hardangerbrua	2019/11850	
RS 89/19	Informasjon om justering av bompengetakstane i Vossapakko	2018/429	
RS 90/19	Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua - Klauvaneset	2019/12222	
RS 91/19	Fv 544 Halsnøysambandet - sviktande bompenginntekter	2019/10191	
RS 92/19	Finansiell samordning av bompengepakkar ved byvekstavtale - svar på skriftleg spørsmål	2019/10623	
RS 93/19	Spørsmål i fylkesutvalet om redusert bompengebelasting ved auka statleg tilskot	2014/17239	
RS 94/19	Spørsmål frå fylkesutvalet om Herdla bru.	2019/10878	
RS 95/19	Nye vegnummer og vegskilt - orientering	2019/11597	
RS 96/19	Opplæringsplassar nye ferjekontraktar	2019/11784	
RS 97/19	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023	2019/12009	
RS 98/19	Status for Klimasats-prosjekt om fossilfrie bygge- og anleggsplassar i Hordaland/Vestland	2018/3430	
RS 99/19	Travel like the locals	2019/11302	
RS 100/19	Lokale til Bergen katedralskole avdeling Kyrre	2017/15373	
RS 101/19	Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane - Rapport 2018	2014/10200	
RS 102/19	Familie- og kulturkomiteens besøk i Hordaland fra 22. til 24. m ai 2019	2019/12289	
RS 103/19	Tilleggsinformasjon lokale til Bergen katedralskole avdeling Kyrre	2017/15373	
RS 104/19	Nye retningslinjer for portefølgjestyrt bompengepakker - Moglege konsekvensar for Hordaland	2014/17239	
PS 133/19	Innkome spørsmål frå politikarane		
FO 16/19	Spørsmål frå Bondhus - SP - Fjelbergsambandet	2017/15118	
FO 17/19	Spørsmål frå Bjørkly - H - KOSTRA-tal 2018	2016/4239	
PS 134/19	Delegerte saker		
DS 2/19	Refinansiering av obligasjonslån 450 mill. kr	2019/1396	
PS 135/19	Ymse		

PS 136/19	Følgefonntunnelen - rapport om oppgraderingsbehov	2016/149
PS 137/19	Tømmertransport - høyring tilskotsordning	2018/17215
PS 138/19	Omklassifisering av Fv66 Sagvåg ferjekai i Stord kommune	2019/646
PS 139/19	Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken	2019/705
PS 140/19	Søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter AS om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen - Nordnes - Sjøflyhavnen	2019/2055
PS 141/19	Sunnhordlandsruta - fleire stopp Bekkjarvik	2019/11011
PS 142/19	Søknad om samtykke til etablering av handelsareal i Eitheimsvågen - Odda kommune	2019/10364
PS 143/19	Søknad om ekstraløyving til Stiftinga Seglskipet Statsraad Lehmkuhl	2018/7917
PS 144/19	Søknad om Gjelet kraftverk, Jondal kommune	2019/11320
PS 145/19	Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til friluftsrådet Vest - til innsats mot marin forsøpling - forvaltningsoppgåver	2019/11402
PS 146/19	Høring - Forslag til forskrift om fylkeskommunens oppgaver på friluftslivsområdet	2018/15999
PS 147/19	Digital formidling gjennom nettportalen Grind	2014/11838
PS 148/19	Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland	2019/12000
PS 149/19	Samlokalisering av Kvam vidaregåande skule	2019/429
PS 150/19	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019	2016/4130
PS 151/19	Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter	2019/11230
PS 152/19	Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet	2019/10893
PS 153/19	Tildeling av midlar til deltaking i 150 årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff	2019/12487
PS 154/19	Uttale: Søknad om ny vidaregåande skule Norges toppidrettsgymnas	2019/2056
PS 155/19	Fløen vel - Tilskot til ei idéskisse til ny bruk og ny plassering av Kalfarveien 99	2019/10761
PS 156/19	Fråsegn om nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerding av Odda, Stord og Voss til sørviskontor	2019/11743

PS 130/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram forslag om at sak om Fløen vel og tilskot til ei idéskisse til ny bruk og ny plassering av Kalfarveien 99 vart sett på saklista.

Ingen sette seg i mot at saka vart sett på saklista, og saka fekk saknummer PS 155/19.

Aud Karin Oen (SV) sette fram forslag om at fråsegn om nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerding av Odda, Stord og Voss til sørviskontor vart sett på saklista.

Ingen sette seg i mot at saka vart sett på saklista, og saka fekk saknummer PS 156/19.

Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjend med endringane som går fram over.

PS 131/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 12.06.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 132/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

RS 86-104/19 vart refererte.

PS 133/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 16/19 Spørsmål frå Bondhus - SP - Fjelbergsambandet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Representanten **Benthe Bondhus (SP)** har stilt slikt skriftleg spørsmål:

«Fjelbergsambandet.

Øyane Fjelbergøy og Borgundøy er nært knytt til Halsnøy. I 2008 fekk Halsnøy fastlandsforbindelse. Fjelbergøy og Borgundøy er knytt til kvarandre og til Halsnøy med eit ferjesamband. Ferja har forholdsvis låg frekvens og ferjene sluttar å gå tidleg på kvelden. Det har lenge vore jobba for at og Fjelbergøy og Borgundøy skal få fast vegsamband.

Kva er status for prosjektet?»

Fylkesordføraren gav slikt svar:

Fjelbergsambandet går mellom Sydnes på Halsnøy og øyane Fjellberg og Borgundøy, samt Utboja i Vindafjord kommune i Rogaland

Det ligg føre ei eldre kommunedelplan for ferjefri kryssing som legg opp til ferjefri kryssing (bru/utfylling) av Fjelbergsund, mellom Borgundøy og Fjellbergøy, og av Sydnessund, mellom Fjellbergøy og Halsnøy. Heile traseen er 4- 5 km lang. Avstanden over Sydnessundet (er nesten 700 meter.

Kommunen arbeider med ein reguleringsplan for sambandet Statens Vegvesen har varsla at det kan vere aktuelt å fremje motsegn mot reguleringsplanen grunna manglande grunnundersøkingar som gir usikkert kostnadsestimat og usikkerheit med omsyn til tekniske løysingar for bruene. Det er også knytt

usikkerheit til trafikktryggleik då reguleringsplanen føresett mange fråvikssøknader for vegtraseen, særleg knytt til val av gang- og sykkelløysing.

Hordaland fylkeskommune har bedt Kommunal- og moderniseringsdepartementet om anslag på ferjeavløysingsmidlar. I svaret går det fram at sambandet kan utløyse om lag 2,7 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar. Dette utgjer litt over 100 mill. kr. i løpet av 40 år.

Retningslinene er praktisert slik at det berre blir gitt ferjeavløysingstilskot for delsamband som blir erstatta med ny veg. Fjellbergsambandet vil ikkje erstatte sambandet Utbjoa- Sydnes, og departementet reknar som om denne delstrekninga blir vidareført - sjølv om det blir føresett at den blir lagt ned.

Eg er kjend med at Kvinnherad kommune har arbeidd politisk for å endre på denne delen av ferjeavløysingsordninga, men det er ikkje gjort endringar i ordninga i samband med Stortinget si handsaming av kommuneproposisjonen for 2020.

Samla sett vil ferjeavløysingsordninga i liten grad kunne bidra til å finansiere prosjektet. Trafikken vil vere for låg til at det vil vere mogleg med delfinansiering med bompengar. I fylkeskommunen sitt planverk er det lagt til grunn at ferjeavløysingsprosjekt ikkje skal tilførast budsjettmidlar frå fylkesbudsjettet utover det som følgjer av ordninga.

Så lenge ferjeavløysingsordninga blir praktisert som i dag vil det vere sær sars vanskeleg for fylkeskommunen å løfte dette prosjektet, då vi har mange andre meir prioriterte tiltak på fylkesvegnettet. Om ferjeavløysingsordninga vert endra slik at ein får tilført midlar for delar av samband som ikkje blir erstatta av veg, kan det vere aktuelt å vurdere dette på nytt. Det er elles Kvinnherad kommune som er planstyresmakt og som må ta stilling til om arbeidet med reguleringsplan for tiltaket skal slutførast eller avsluttast.

FO 17/19 Spørsmål frå Bjørkly - H - KOSTRA-tal 2018

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Representanten **Silja Ekeland Bjørkly (H)** har stilt slikt spørsmål:

Ifølge KOSTRA-tallene for 2018 har Hordaland fylkeskommune en økning på 36,8% fra 2015 til 2018 i «Administrasjon, styring og fellesutgifter, fylkeskommune».

- 1) Hva er bakgrunnen for disse tallene
- 2) Hva er den reelle økningen i disse utgiftene.

Fylkesordføreren gav slikt svar:

Kostrafunksjon 420 Administrasjon viste om lag uendra netto driftsutgifter på 180 mill. kr i åra 2015 til 2017. I 2018 gjekk netto utgifter opp med vel 50 mill. kr.

Viktigaste forklaringa på dette er at om lag 45 IKT-konsulentar på skulane vart overført til IT-seksjonen. Lønsutgifter for desse utgjer om lag 25 mill. kr. Utgiftene for desse konsulentane burde framleis ha vore knytt opp mot ein kostra-funksjon under opplæring.

Andre stillingar som er flytta er elevombod og mobbeombod.

Elles kan det nemnast at tillitsvalde har fått auka ressurs i samband med regionreforma. Fleire av avdelingane har hatt utgifter til førebuing av reforma. Ein del av utgiftene vert dekkja av statstilskot. Statstilskotet på 30 mill. kr kom i 2017, medan utgiftene tok til i 2018 og følgjande år. Om ein ser på nettoutgifter, fører dette til store svingningar mellom åra (kostrafunksjon 480 Diverse fellesutgifter).

Ein annan utgiftspost som har hatt god vekst dei siste åra er lærlingar i eigen organisasjon.

Mellom «fellesutgifter» inngår funksjonane 470 Årets premieavvik og 471 Amortisering av tidlegare års premieavvik. Årets premieavvik er skilnaden mellom betalt pensjonspremie og det ein skal kostnadsføre i rekneskapen. Denne har variert mellom -62,9 mill. kr og -18,2 mill. kr i perioden 2015-

2018. Amortisering av tidlegare års premieavvik har hatt ein relativt jamn vekst, og har gått frå 44,9 mill. kr til 60,1 mill. kr i perioden.

PS 134/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

DS 2/19 Refinansiering av obligasjonslån 450 mill. kr

DS 2/19 – Refinansiering av obligasjonslån 450 mill. kr. vart teken til orientering.

PS 135/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Orienteringar

- Bybanen AS v/styreleiar Linn Cecilie Moholt
- Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland : «*Natur- og Friluftslivsorganisasjonenes vurdering av NVEs forslag til Nasjonal ramme for vindkraft på land*» v/dagleg leiar for Bergen og Hordaland Turlag Helene Ødven og fylkeskoordinator FNF Hordaland, Ørjan Sælensminde
- Kort om status for dialogen med Bergen kommune m. fleire om vidare samarbeid på kollektivsida v/fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen

Overrekking av underskriftlister

Sigmund Hovland overrekte underskriftlister til fylkesvaraordførar Pål Kårbø i samband med nye ferjeruter i Tysnes kommune.

Oversendingsforslag

I samband med sak RS 96/19 – Opplæringsplassar nye ferjekontraktar, sette **Stein Inge Ryssdal (H)** fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber om at RS 96/19 også blir lagt fram for utval for opplæring og helse.»

Røysting

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

PS 136/19 Folgefonntunnelen - rapport om oppgraderingsbehov

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefonntunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefonntunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostadar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Benthe Bondhus (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, SV, MDG, V, H og Frp fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet arbeide vidare med å få på plass finansiering av tunnelforskrifta på FV. Det er stort sprik mellom trongen for oppgradering og økonomiske midlar til rådvelde i fylket vårt.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bondhus sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefonntunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut. Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefonntunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostnadar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefonntunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringar slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut. Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefonntunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostnadar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

PS 137/19 Tømmertransport - høring tilskotsordning

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar program for utbetring av flaskehalsar for tømmertransport til orientering og har ikkje merknadar til fordeling av tilskot for perioden 2020-2021
2. Fram til program for perioden 2021-2022 skal utarbeidast er det viktig at skog- og trenæringa i samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen kjem fram til kva bruer som kan ha størst nytteverdi å utbetre og melde dette inn til Vegdirektoratet.
3. Det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å betre framkome for tømmertransport på fylkesvegnettet, som også får positiv effekt for anna tungtransport. I Hordaland er det i tillegg til bruer ofte bæreevna og standarden på fylkesvegen som er flaskehalsen. Det er derfor både behov for å auke løyvinga til ordninga og utvide den til å kunne gjelde tiltak for å utbetre flaskehalsar på vegane.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tar program for utbetring av flaskehalsar for tømmertransport til orientering og har ikkje merknadar til fordeling av tilskot for perioden 2020-2021.
2. Fram til program for perioden 2021-2022 skal utarbeidast er det viktig at skog- og trenæringa i samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen kjem fram til kva bruer som kan ha størst nytteverdi å utbetre og melde dette inn til Vegdirektoratet.
3. Det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å betre framkome for tømmertransport på fylkesvegnettet, som også får positiv effekt for anna tungtransport. I Hordaland er det i tillegg til bruer ofte bæreevna og standarden på fylkesvegen som er flaskehalsen. Det er derfor både behov for å auke løyvinga til ordninga og utvide den til å kunne gjelde tiltak for å utbetre flaskehalsar på vegane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tar program for utbetring av flaskehalsar for tømmertransport til orientering og har ikkje merknadar til fordeling av tilskot for perioden 2020-2021.
2. Fram til program for perioden 2021-2022 skal utarbeidast er det viktig at skog- og trenæringa i samarbeid med Statens vegvesen og fylkeskommunen kjem fram til kva bruer som kan ha størst nytteverdi å utbetre og melde dette inn til Vegdirektoratet.
3. Det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å betre framkome for tømmertransport på fylkesvegnettet, som også får positiv effekt for anna tungtransport. I Hordaland er det i tillegg til bruer ofte bæreevna og standarden på fylkesvegen som er flaskehalsen. Det er derfor både behov for å auke løyvinga til ordninga og utvide den til å kunne gjelde tiltak for å utbetre flaskehalsar på vegane.

PS 138/19 Omklassifisering av Fv66 Sagvåg ferjekai i Stord kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

PS 139/19 Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2.

PS 140/19 Søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter AS om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen - Nordnes - Sjøflyhavnen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet oppmodar til å velje miljøvenleg framdriftsteknologi.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Fylkesutvalet oppmodar til å velje miljøvenleg framdriftsteknologi.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Fylkesutvalet oppmodar til å velje miljøvenleg framdriftsteknologi.

PS 141/19 Sunnhordlandsruta - fleire stopp Bekkjarvik

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Frp, H, Sp, V og SV fram slikt felles forslag:

«Hordaland fylkeskommune er positiv til bestillingsstopp for Sunnhordlandsruta på Bekkjarvik.

Fylkeskommunen går i dialog med Austevoll kommune for økonomisk deltaking i auke om ekstrastopp/bestillingsstopp på to konkrete turar; tur 30 med avgang frå Bergen kl. 12:15 og tur 9 med avgang frå Leirvik kl. 10:10.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot innstillinga som ikkje fekk nokon røyster.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune er positiv til bestillingsstopp for Sunnhordlandsruta på Bekkjarvik.

Fylkeskommunen går i dialog med Austevoll kommune for økonomisk deltaking i auke om ekstrastopp/bestillingsstopp på to konkrete turar; tur 30 med avgang frå Bergen kl. 12:15 og tur 9 med avgang frå Leirvik kl. 10:10.

PS 142/19 Søknad om samtykke til etablering av handelsareal i Eitrheimsvågen - Odda kommune

Forslag til innstilling

Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gis det ikkje samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Etablering av detaljhandel som reguleringsplanen opnar for er ikkje i samsvar med føresegna §4.1 i den regionale planen, og fell ikkje inn under unntaksreglane. Dersom føresegnene i reguleringsplanen vert endra til å omfatte berre unntaksvarene nedfelt i regional plan, vert det ikkje behov for samtykke.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Gunnar Moland (H) sette på vegner av H, FRP, V, SP, KRF og A fram slikt forslag:

«Alternativ

Det vert gjeve samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Dette vert begrunna blant anna med Odda sin spesielle geografi, der kommunesenteret er svært tett utbygd. I tillegg viser vi til dei freda bygningane som tek opp store delar av Odda sentrum.

Disse må skjermast frå nye store handelshus som ikkje er tilpassa miljøet på Smelteverksområdet.»

Røysting

Moland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gjeve samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Dette vert begrunna blant anna med Odda sin spesielle geografi, der kommunesenteret er svært tett utbygd. I tillegg viser vi til dei freda bygningane som tek opp store delar av Odda sentrum. Disse må skjermast frå nye store handelshus som ikkje er tilpassa miljøet på Smelteverksområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Med heimel i Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel gis det ikkje samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Etablering av detaljhandel som reguleringsplanen opnar for er ikkje i samsvar med føresegna §4.1 i den regionale planen, og fell ikkje inn under unntaksreglane. Dersom føresegnene i reguleringsplanen vert endra til å omfatte berre unntaksvarene nedfelt i regional plan, vert det ikkje behov for samtykke.»

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 13 røyster (A, Sp, 1 KrF, V, FrP og H) mot Oen sitt forslag som fekk 2 røyster (SV og 1 KrF) og fall.

Vedtak

Det vert gjeve samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Dette vert begrunna blant anna med Odda sin spesielle geografi, der kommunesenteret er svært tett utbygd. I tillegg viser vi til dei freda bygningane som tek opp store delar av Odda sentrum. Disse må skjermast frå nye store handelshus som ikkje er tilpassa miljøet på Smelteverksområdet.

PS 143/19 Søknad om ekstraløyving til Stiftinga Seglskipet Statsraad Lemkuhl

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 350.000 frå marint utviklingsfond som ekstraløyving til Stiftinga Seilskipet Statsraad Lemkuhl. Tilskotet kjem i tillegg til 1,3 millionar kroner som alt er løyvd frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp, V, SV, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet løyver kr. 350.000 frå marint utviklingsfond, og kr. 350 000 frå fylkesutvalet tilleggsløyvingsskonto, totalt kr. 700 000, som ekstraløyving til stiftinga Seilskipet Statsraad Lemkuhl. Tilskotet kjem i tillegg til kr. 1 300 000 som alt er løyvd frå Hordaland fylkeskommune.»

Røysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke mot innstillinga som ikkje fekk nokon røyster.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 350.000 frå marint utviklingsfond, og kr. 350 000 frå fylkesutvalet tilleggsløyvingskonto, totalt kr. 700 000, som ekstraløyving til stiftinga Seilskipet Statsraad Lemkuhl. Tilskotet kjem i tillegg til kr. 1 300 000 som alt er løyvd frå Hordaland fylkeskommune.

PS 144/19 Søknad om Gjelet kraftverk, Jondal kommune

Forslag til innstilling

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Gjelet kraftverk. Herand er nasjonalt kjent for sitt sin store innsats for å ta vare på kulturlandskapet og bygda si. Dei mottok den nasjonale kulturlandskapsprisen for dette. Gjeli kraftverk ligg midt i herandsbygda, sjølv om elvesterkninga delvis ligg skjult i eit elvegjel. I dag byggjest eit av dei største nyare kraftverk i Hardanger, til om lag 200 mill kr og 78 GWh, i den same elva med kraftverk lenger oppe i bygda. I Hardanger og kommunane rundt Folgefonna er det dei siste 15 år gjeve løyve til over 150 kraftverk. Vassdragsnaturen i Hardanger er såleis prega svært store inngrep, med dei alvorlege farane for tap av artar og biologisk mangfald det inneber. Med bakgrunn dette, kan ikkje Fylkesutvalet støtta ei fråsegn som går inn for konsesjon til Gjeli kraftverk. Nve bør avslå konsesjon til Gjeli kraftverk. Dersom det likevel vert bygd må det takast omsyn til desse punkta:
2. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.

3. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
4. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
5. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.»

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 13 røyster (A, Sp, 1 KrF, V, Frp og H) mot Oen sitt forslag som fekk 2 røyster (SV og 1 KrF) og fall.

Vedtak

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

PS 145/19 Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til friluftsrådet Vest - til innsats mot marin forsøpling - forvaltningsoppgåver

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 400.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Vestkystparken.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.07.14700 Friluftsrådet Vest aukar med kr 400.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 400.000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 400.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Vestkystparken.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.07.14700 Friluftsrådet Vest aukar med kr 400.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 400.000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 400.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Vestkystparken.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.07.14700 Friluftsrådet Vest aukar med kr 400.000.

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 400.000.

PS 146/19 Høring - Forslag til forskrift om fylkeskommunens oppgaver på friluftslivsområdet

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gir følgjande innspel til Klima- og miljødepartementet knytt til nye oppgåver på friluftslivsfeltet, innan Skjærgardstjenesta, og statleg sikra friluftslivsområder;

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å ta over nye oppgåver på friluftsområdet, for å bidra til meir heilskapleg arealforvaltning, og sikre og vidareutvikle sentrale friluftslivsområder i Vestland, saman med kommunane og friluftsråda.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis ikkje er tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet gir følgjande innspel til Klima- og miljødepartementet knytt til nye oppgåver på friluftslivsfeltet, innan Skjærgardstjenesta, og statleg sikra friluftslivsområder;

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å ta over nye oppgåver på friluftsområdet, for å bidra til meir heilskapleg arealforvaltning, og sikre og vidareutvikle sentrale friluftslivsområder i Vestland, saman med kommunane og friluftsråda.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis ikkje er tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet gir følgjande innspel til Klima- og miljødepartementet knytt til nye oppgåver på friluftslivsfeltet, innan Skjærgardstjenesta, og statleg sikra friluftslivsområder;

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å ta over nye oppgåver på friluftsområdet, for å bidra til meir heilskapleg arealforvaltning, og sikre og vidareutvikle sentrale friluftslivsområder i Vestland, saman med kommunane og friluftsråda.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis ikkje er tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande.

PS 147/19 Digital formidling gjennom nettportalen Grind

Forslag til innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til fylkesutvalet si handsaming og vedtak i sak i mai 2017, PS 104/2017, og ser det som naturleg at overføring av fondsmidlar til digital formidling no vert overført nettportalen Grind samla.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til fylkesutvalet si handsaming og vedtak i sak i mai 2017, PS 104/2017, og ser det som naturleg at overføring av fondsmidlar til digital formidling no vert overført nettportalen Grind samla.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt forslag

«Alternativ:

Fylkesutvalet viser til handsaming og vedtak i sak i mai 2017, PS 104/2017, og ser det som naturleg at overføring av fondsmidlar til digital formidling no vert overført nettportalen Grind samla.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot innstillinga som ikkje fekk nokon røyster.

Vedtak

Fylkesutvalet viser til handsaming og vedtak i sak i mai 2017, PS 104/2017, og ser det som naturleg at overføring av fondsmidlar til digital formidling no vert overført nettportalen Grind samla.

PS 148/19 Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.

2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram forslag om at saka vart utsett.

Røysting

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Pål Kårbø (KrF) sett fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Røysting (til utsetjingsforslaget)

Kårbø sitt forslag om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 149/19 Samlokalisering av Kvam vidaregåande skule

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek samlokalisering av Kvam vidaregåande skule, alternativ 3. All aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstadsareal er klare vil eksisterande verkstadsareal i Norheimsund bli nytta.
2. Fylkesrådmannen arbeider vidare med Kvam herad om areal for verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye skulen.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 04.06.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek samlokalisering av Kvam vidaregåande skule, alternativ 3. All aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstadsareal er klare vil eksisterande verkstadsareal i Norheimsund bli nytta.
2. Fylkesrådmannen arbeider vidare med Kvam herad om areal for verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye skulen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek samlokalisering av Kvam vidaregåande skule, alternativ 3. All aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstadsareal er klare vil eksisterande verkstadsareal i Norheimsund bli nytta.
2. Fylkesrådmannen arbeider vidare med Kvam herad om areal for verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye skulen.

PS 150/19 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 04.06.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 151/19 Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 04.06.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 152/19 Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 04.06.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 153/19 Tildeling av midlar til deltaking i 150 årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff

Forslag til vedtak

Det vert sett av kr 60 000 til deltaking i 150-årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff desember 2019 finansiert over fylkesutvalet sin disposisjonskonto.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det vert sett av kr 60 000 til deltaking i 150-årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff desember 2019 finansiert over fylkesutvalet sin disposisjonskonto.

PS 154/19 Uttale: Søknad om ny vidaregåande skule Norges toppidrettsgymnas

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet meiner tilbodet ved Tertnes vidaregåande skule gir tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje trongen for studiespesialiserte tilbod med toppidrett i Bergensområdet. Vidare er skulestrukturen i Bergensområdet meir enn tilstrekkeleg dimensjonert for å gje tilbod til studieførebuande utdanningsprogram til alle som ønskjer det. Det er høg grad av private skuleplassar i Bergen og det bør ikkje etablerast fleire private skuleplassar. Fylkesutvalet vil derfor ikkje tilrå etablering av Norges toppidrettsgymnas i Bergen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet vil rå til etablering av Norges toppidrettsgymnas i Bergen.»

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 9 røyster (A, Sp, 1 KrF, SV og V) mot 6 røyster (H, Frp og 1 KrF) for Bjørkly sitt forslag som fall.

Vedtak

Fylkesutvalet meiner tilbodet ved Tertnes vidaregåande skule gir tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje trongen for studiespesialiserte tilbod med toppidrett i Bergensområdet. Vidare er skulestrukturen i Bergensområdet meir enn tilstrekkeleg dimensjonert for å gje tilbod til studieførebuande utdanningsprogram til alle som ønskjer det. Det er høg grad av private skuleplassar i Bergen og det bør ikkje etablerast fleire private skuleplassar. Fylkesutvalet vil derfor ikkje tilrå etablering av Norges toppidrettsgymnas i Bergen.

PS 155/19 Fløen vel - Tilskot til ei idéskisse til ny bruk og ny plassering av Kalfarveien 99

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Det vert løyvd kr 100 000 frå råveldekontoen til fylkesutvalet.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.
Oen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp og H).

Vedtak

Det vert løyvd kr 100 000 frå råveldekontoen til fylkesutvalet.

PS 156/19 Fråsegn om nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerung av Odda, Stord og Voss til sørviskontor

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag til fråsegn til Hordalandsbenken og statsråd Jon Georg Dale:

«Hordaland Fylkesutval seier nei til nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerung av Odda, Stord og Voss til sørviskontor.

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Statens Vegvesen levert utgreiing om framtidig organisering. Denne utgreiinga tilrår ei endring frå dagens regionstruktur til ein divisjonsstruktur.

som skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Kvam formannskap ber Samferdselsdepartementet oppretthalda det ambulerande tilbodet for førarprøver for lette klassar i regionsenteret Norheimsund. Tilbodet er foreslått lagt ned i Statens vegvesen sitt forslag til lokalisering divisjoner og tenesteleveransemodell og tenestestruktur for TK-området som er oversendt departementet 20. mai 2019.

Rapporten frå Capgemini, "Områdegjennomgang av Statens vegvesen Del 2b" er område Hordaland omtala slik:

«Område - Hordaland

I forslaget til ny tenestestruktur vurderes det som fordelaktig å legge ned tilbudet i Norheimsund. Videre foreslås det å gjøere tenestestedene i Odda, Stord og Voss til servicekontorer. Tjenestestedene i Bergen kan med fordel opprettholdes som i dagens tenestestruktur. Inndelingen i et servicekontor for trafikanttenester samlokalisert med vegkontoret i sentrum og en sambruksstasjon for kjøretøytjenester i Åsane er i tråd med slik fremtidig tenesteleveranse er tiltenkt, og modellen har fungert godt i Bergen. Den nye tenestestrukturen som er skissert i Hordaland innebærer at teoretiske førerprøver og praktiske førerprøver for lette førerkortklasser vil tilbys ved samtlige lokasjoner. Servicekontoret i Odda vurderes samlokalisert med offentlige virksomheter som f.eks. kommunen. Dermed kan avhending vurderes for trafikkstasjonen som Statens vegvesen eier i Odda. Ved avhending av bygget i Odda må det i så fall tas hensyn til de henholdsvis 18 ansatte fra andre funksjoner i Statens vegvesen som er samlokalisert her. Det bør vurderes mulige nye kontorsteder for disse. Trafikkstasjonen på Voss eies av Statens vegvesen, og 34 ansatte fra andre funksjoner i etaten er samlokalisert her. Omgjøring fra trafikkstasjon til servicekontor på Voss reduserer arealbehovet, men det kan være utfordrende å flytte til en ny lokasjon og muligheten for å leie ut ledig areal i kontrollhallen bør vurderes.»

Ei nedlegging av tilbudet i Kvam og endring av dagens trafikkstasjonar i Odda, Voss og Stord til servicekontor vil vera svært negativt. Det vert oppfatta som ei sentralisering og utflytting av tenester. Dette kompliserer kvardagen til folk og elevar må reise vekk for å ta kjøreopplæring og det kan ha innverknad på innsøkinga til den vidaregåande skulen i Kvam. Dei tre kjøreskulane som driv næringsverksemd vert hardt råka. Hordaland Fylkesutval ønskjer tenester der folk bur. Hordaland fylkesting ber samferdselsdepartementet omgjera den føreslåtte endringa.»

Røysting

Oen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp og H).

Vedtak

Hordaland Fylkesutval seier nei til nedlegging av ambulerande trafikkstasjon i Hardanger og omgjerung av Odda, Stord og Voss til sørviskontor.

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Statens Vegvesen levert utgreiing om framtidig organisering. Denne utgreiinga tilrår ei endring frå dagens regionstruktur til ein divisjonsstruktur. som skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Kvam formannskap ber Samferdselsdepartementet oppretthalda det ambulerande tilbudet for førarprøver for lette klassar i regionsenteret Norheimsund. Tilbodet er foreslått lagt ned i Statens vegvesen sitt forslag til lokalisering divisjoner og tenesteleveransemodell og tenestestruktur for TK-området som er oversendt departementet 20. mai 2019.

Rapporten frå Cappgemini, "Områdegjennomgang av Statens vegvesen Del 2b" er område Hordaland omtala slik:

«Område - Hordaland

I forslaget til ny tenestestruktur vurderes det som fordelaktig å legge ned tilbudet i Norheimsund. Videre foreslås det å gjøre tenestestedene i Odda, Stord og Voss til servicekontorer. Tjenestestedene i Bergen kan med fordel opprettholdes som i dagens tenestestruktur. Inndelingen i et servicekontor for trafikantjenester samlokalisert med vegkontoret i sentrum og en sambruksstasjon for kjøretøytjenester i Åsane er i tråd med slik fremtidig tenesteleveranse er tiltenkt, og modellen har fungert godt i Bergen. Den nye tenestestrukturen som er skissert i Hordaland innebærer at teoretiske førerprøver og praktiske førerprøver for lette førerkortklasser vil tilbys ved samtlige lokasjoner. Servicekontoret i Odda vurderes samlokalisert med offentlige virksomheter som f.eks. kommunen. Dermed kan avhending vurderes for trafikkstasjonen som Statens vegvesen eier i Odda. Ved avhending av bygget i Odda må det i så fall tas hensyn til de henholdsvis 18 ansatte fra andre funksjoner i Statens vegvesen som er samlokalisert her. Det bør vurderes mulige nye kontorsteder for disse. Trafikkstasjonen på Voss eies av Statens vegvesen, og 34 ansatte fra andre funksjoner i etaten er samlokalisert her. Omgjøring fra trafikkstasjon til servicekontor på Voss reduserer arealbehovet, men det kan være utfordrende å flytte til en ny lokasjon og muligheten for å leie ut ledig areal i kontrollhallen bør vurderes.»

Ei nedlegging av tilbudet i Kvam og endring av dagens trafikkstasjonar i Odda, Voss og Stord til servicekontor vil vera svært negativt. Det vert oppfatta som ei sentralisering og utflytting av tenester. Dette kompliserer kvardagen til folk og elevar må reise vekk for å ta kjøreopplæring og det kan ha innverknad på innsøkinga til den vidaregåande skulen i Kvam. Dei tre kjøreskulane som driv næringsverksemd vert hardt råka. Hordaland Fylkesutval ønskjer tenester der folk bur. Hordaland fylkesting ber samferdselsdepartementet omgjera den føreslåtte endringa.